

VESTLANDSKE TEATERSENTER

DANS VÊRET



Produsert av Vestlandske Teatersenter
Støtta av SceneFolk og Bergen kommune

Idé og opplegg:

Utvikling av konsept og materiell: Vestlandske Teatersenter
Forfattar: Erna Osland
Koreograf: Ine Terese Hogstad
Komponist: Hanne Vatnøy

VESTLANDSKE TEATERSENTER

INTRODUKSJON



VESTLANDSKE TEATERSENTER

DANS VÊRET er eit kunstfagleg prosjekt som vil bruke lesing, dans og leik for å lære.

Barna (8-12 år) skal bli utfordra til å bruke heile kroppen når dei skal tenke på vêr og klima. Dei skal få høve til å utprøve og uttrykke eigne røynsler og haldningar. Slik vil prosjektet gå nye vegar for å auke lesegleda og gi kunnskap om eit viktig tema. Barna skal få møte ein dansar og ein musikar, men dei skal også sjølv få danse med. Dei får bruke både tanke og kropp for å forstå korleis vêret blir til.

LESE, DANSE, LÆRE

«Når det regnar i Afrika» (Samlaget 2015) er ei fagbok om vêr og klimaendringar. Boka som er skiven av Erna Osland, er gjennom illustrert av Per Ragnar Møkleby. Denne boka er den faglege ressursen. Klima og dans høyrer saman – vêr er rørsler, difor er dansen verkemiddel. Prosjektet har nedskrivne musikk og lydbilde som skal vere med å tydeleggjere og engasjere.

Om boka «Når det regnar i Afrika»: Det går to hovudtrådar gjennom boka, ein faktatråd og ein fiksjonstråd.

- I **faktatråden** er det delen om vêret, som i tur og orden fortel om regn, skyer, vind, sol og klimaendringar, som har størst plass. Delen om klimaendringane altså plassert bakarst i boka, og er minst i omfang, men får det siste ordet.
- **Fiksjonstråden** er forteljinga om guten Styrk. Far til Styrk er i Afrika og skal hjelpe mormora med å bygge vatningsanlegg, men kjem seg ikkje heim fordi monsunregnet ikkje dukkar opp når det skal. Heime hos Styrk derimot, regnar det altfor mykje.

Mange barn opplever rasande regnvêr, medan andre går og ventar på regn. Det blir slått fast at kunnskapen vår om vêr og klima viser oss kva som bør gjerast. Det er sakleg og konkret, og tek barn si evne til å forstå innvikla prosessar på alvor.

Vestlandske Teatersenter (VT) er eit regionalt kompetansesenter innanfor scenekunst. VT har utvikla mange ulike formidlingsprosjekt retta mot ulike aldersgrupper gjennom fleire tiår. Faktaformidling synleggjer kor viktig det er å kunne formidle kunnskap på ein måte som gjer det interessant og tilgjengeleg. VT ønskjer å vidareutvikle samarbeidet med ulike miljø for utdjupe begrepet kultursamarbeid og utveksling, samt synleggjere at kunnskap om drama og teknikkar kan brukast i mange samanhengar.

Ved å la barn og unge delta i fysiske øvingar knytt til miljøspørsmål er det mogleg å gjøre unge engasjerte i kreative løysingar og vere ein reell samfunnsutviklende faktor. Eit dramaopplegg der barn og unge deltar med heile seg, festar seg sterkare i minnet enn undervising utan samspelet mellom fagleg og kunstnarisk formidling.

Forfattar Erna Osland blir rekna som ein av dei fremste norske forfattarane av barne- og ungdomsbøker. Osland har skrive ei rekke bøker, både skjønnlitteratur og fagbøker, hovudsakleg for barn og unge. Ho tek ofte opp store problemstillingar i bøkene sine, og ho er oppteken av ikkje å gi dei ei eintydig løysing. Ho har òg drive aktivt med litteraturformidling og har halde skrivekurs for barn og ungdom over heile landet.

Koreograf Ine Terese Hogstad er ein dansekunstnar med brei røynsle som dansar og koreograf.

Hogstad har Nordic Master of Arts in Dance, (NTNU, Stockholm, København og Tampere). Som dansekunstnar er Hogstad glad i å utforske rørsler på ulike måtar, i denne utforskinga står tilhøvet mellom rom, natur og menneske sentralt. Ho har blant anna turnert i Den Kulturelle Spaserstokken med framsyninga «Honning og sitron». Hausten 2014 og våren 2015 arbeidde Hogstad med trioen MoonMadeTroup med å utvikle framsyninga «Den lille prinsen». Våren 2015 mottok ho Norsk Kulturråds etableringsstipend. Ho har laga koreografin og bakgrunnsfilmen til *DANS VERET!*, samt vore med på å utvikle planane for prosjektet.

Komponist Hanne Vatnøy er soloartist med base i Bergen. Ho har komponert musikk i 20 år, og har i tillegg til sitt soloprosjekt vore med på mange prosjekt i nærmiljøet og i Bergen. Vatnøy har halde konserter i inn- og utland med ulike musikarar og samarbeid med kunstformer som visuell animasjon, film og dans. Vatnøy er utdanna lektor i musikk og drama ved Høgskolen i Bergen, og har jobba som musikkpedagog og lærar i grunnskulen. Ho har komponert musikken og skrive songen «TIKK TAKK» til *DANS VERET!*

VESTLANDSKE TEATERSENTER

DANS VÊRET er delt inn i tre deler:

- Undervisningsopplegg som kan takast i bruk av lærarar i for-/etterkant av prosjektet.
- Møte med elevane og dansar / musikar har verkstad rundt tema. Det vil bli tatt utgangspunkt i dei tankane og ideane som deltakarane har om dans, rørsler og lyd i samanheng med fagboka. Elevane over inn felles song med rørsler.
- Framsyning med dansar og musikar. Elevane vil kjenna igjen rørsler som dei sjølv har jobbe med på workshopen og visar til slutt koreografien til låta 'TIKK TAKK'.

PRAKTISK INFORMASJON:

Det er viktig at skulen tek omsyn til dei rammefaktorane som kan vere med på å mogleggjere eller avgrense oppleget. Kva rom har vi til bruk? Kva tid har vi? Kva lærarar vil vere med og hjelpe til?

Målgruppe :	3-5. trinn
Programlengde :	45 minutt verkstad pr. gruppe. (gjerne to grupper) + 45 minutt felles framsyning.
Maks. tal publikum:	35 pr. gruppe på verkstad. Elles kjem det an på rommet.
Arena / rom :	Eit rom med plass til dans. Verkstaden kan vere i klasserom. Gjerne gynsal til framsyning. «Scenen» bør vere 8x8 meter.

DETTE BLIR SENDT UT TIL SKULANE I GOD TID:

- Framlegg til for- og etterarbeid i klassen.
- Teksten til songen **TIKK TAKK** og lydinnspeiling ein kan øve til.
- Film av koreografi til songen, med forklaring.

VESTLANDSKE TEATERSENTER

UNDERVISNINGS - MATERIALE



VESTLANDSKE TEATERSENTER

FRAMLEGG TIL ARBEID I KLASSEN:

DEL 1: Samtale omvêret

- Snakke om ulike kapittel i boka. Teikne ulike vêrtypar. Regn, skyer, vind og sol.
- Snakke om forteljinga om Styrk og mormora i Afrika.
- Kva veit barna frå før? Kva er dei spesielt interessert i? Kva er nytt for dei?
- Kva er regn? Ord for regn; regn, yr, plaskregn, duskregn, flaum osb.
- Korleis blir regnet til? Snakke om fordamping, skyer og nedbør.
- Kvar regnar det mest? Om regntider, regnvindar og monsun.

DEL 2: Øvingar:

Lærar i rolle – På jakt etter vêret:

Ta gjerne på ein sydvest eller ein annan hatt som kan vise når du er i rolle og når du er vanleg lærar.
«Når eg tar på meg sydvesten betyr det at jakta på vêret er i gang og alle må herme etter meg. Når eg tek av meg sydvesten må alle stoppe og lytte.»

Lytt til regnlydar – lag dei sjølv med fingrane eller bruk regnstav.
«Vi skal ut i vêret. Kva må vi ha på oss når det er vind og regn?»

Vi leikar at vi kler på oss regnbukse, regnjakke og støvlar, går på ulike underlag og i ulike vêrtypar. Det pøsar ned. Gå på tå for ikkje å få vatn i støvlane. Ta store steg for å vasse gjennom vatnet, hoppe i søledammar, gå i sleip sørpe utan å ramle!

Ta av sydvesten å introdusere ein ny vêrtyype.

«Kva slags vêr er det som kjem?»

Her kan ein gjerne bruke musikk som illustrerer ulike vêrtypar. Finn musikk og lydar som gir klare assosiasjonar til ulike vêrtypar og årstider. Barna kan vere med på å gjette kva vêr dei trur det er.

«Det er snø!»

Strekke oss etter snøfnugg, prøve å fange snøen i lufta, fange dei med tunga ... lage englar i snøen, vasse i djup snø, rulle seg i snøen. Vere snøkrystallar som virvlar rundt.

«Eg trur ikkje du kan vere ein snøkrystall ... Få sjå då!»

Kva meir kan vi gjere? Kva kan vi leike om vinteren?

«Der ser eg ein ny vêrtyype! Wind ...»

Gå i motvind, medvind. Blåse frå side til side opp og ned, bak og fram. Vere skyer som dultar forsiktig mot kvarandre. Møte ei tordensky vi må springe frå.

Finne ein båt og ro ilag over til den andre sida. Der er det sol. Legge seg ned i sanden og kjenne at sola varmar. Ta av dei våte regnkleda og gå i den varme sanden.

Andre leikar / øvingar:

Hermegås: Barna styrer kvar sin gong og skal gå i ulike vêrtypar, og på ulike underlag: på månen, på is, på varm sand, opp ein bratte bakke, mot vinden i sakte film, osb. Pass på å fylle heile rommet som om det var eit stort isflak som ikkje skal velte.

Danseleik med «frys»: Alle er snøkrystallar som virvlar rundt og når musikken stoppar må barna stå heilt i frys. (Forklar barna om frys og kva det er.) Neste gong kan dei vere skyer eller vind og fryse som t.d. tordensky eller som ei sol.

VESTLANDSKE TEATERSENTER

Frysbilde i ring: Alle snur seg på kommando og lagar eit bilde som framstiller: sol, regn, godvêrssky, tordensky, regndråpe , snøkrystall, snømann, osb.

Leirklumpen: Bruk eit av barna som modell og lag om til ein skulptur. Fortel at du er kunstnar og modellen er ein leirklump. Denne leirklumpen kan formast slik ein vil. Armane, hovudet, beina, kroppen – alt etter korleis du vil skulpturen skal sjå ut. Viss du vil gjere noko med blikket får du skulpturen til å sjå på deg når du viser. Når kunstnaren er ferdig gir han ein tittel på skulpturen. Det er ofte lettast å gi ei oppgåve til kva kunstnaren skal forme først. Ein tornado, ei godvêrssky osb.

Set saman to og to og dei får vere leirklump og kunstnar annankvar gong. Deretter blir det utstilling og alle kunstnarane går og studerer skulpturane.

Bildelaging i grupper: Grupper på 3-5 stk. lagar felles bilde ut frå ein tittel. Det kan vera alt frå storm på fjellet, solferie, på tur i regnskogen, flaum i bygda osb. Her går ein og ein inn og plasserer seg sjølv som skulptur ut frå tittel på bildet.

Bruke kjende leikar og gjere dei om til tematikken:

- **Haien kjem – tornadoen kjem?** Elevane kan vere skyer, regn, sol eller vind.
- **Raudt lys?** Gå som snømenn, som skyer, som vind osb.
- **Vind-tikken?** Vinden spring rundt og tek dei andre slik at dei må snurre rundt som tornadoar heilt til ei sky kjem og løyser dei opp?
- **Stiv heks?** Du frys til is og må stå der til sola har varma deg?
- Songar, vers og dikt om vêret?
- Lage enkle rytmar med lyd og ord. Talekor?
- Overtru om vêret?
- Framlegg til kva ein kan leike om vinteren / våren / sommaren / hausten.

For kvar leik som blir foreslått, leikar ungane to og to eller fleire saman – med "frys" mellom kvar ny leik. Ein kan legge inn balansering mellom årstidene og sette på vêrmusikk. Barna kjem med framlegg. Læraren seier; "JA!! Det gjer vi!

Tekstarbeid: Lage spørsmål til ein eigen klasse- eller skulequiz.

Her kan barna delast inn i grupper og lage oppgåver eller spørsmål som har med eit av emna i boka å gjere. Etterpå kan læraren sette saman alle spørsmåla til ein stor quiz som alle skal vere med på. Det kan gjerast som ei skuleoppgåve i klassen, eller involvere foreldre og andre på eit felles arrangement der ein kan gi deltakarane roller som klimaspesialistar.

«*Velkommen til denne store årlege quizen, der vi skal finne ut kven som er dei skarpaste spesialistane på vêrfronten!*»

Dei kan lage vêr-relaterte namn på laga, og lage seg sine eige kamprop t.d.

Dersom quizleiaren spelar ei slags rolle og rammar inn deltakarane som ei spesielt interessert og kunnskapsrik gruppe menneske, kan det verta ekstra morosamt.

Lære songen «Tikk-Takk» med rørsler: Prioriter at alle lærer refrenget med rørsle til, men dersom klassen likar å synge og danse, er det berre å øve. Det er lettare å få inn rørslene på danseverkstaden dersom elevane er trygge på songen og har sett korleis rørslene skal vere på førehand. Det tar ofte litt tid før song og dans heng saman!

Etterarbeid:

- Kva har du lært om vêret? Snakke om framsyninga og danse-/musikkverkstaden
- Dersom klassen eller elevgruppa har hatt ein intern quiz tidlegare, kan dei gjennomføre den med ei anna gruppe?
- Kva hugsar du best frå framsyninga
- Kva kan vi gjere for å ta vare på jordkloden? Betyr det noko kva vi som enkeltindivid gjer?
- Teikne vêret og dansen?

VESTLANDSKE TEATERSENTER

- Kva er eigentleg fint vêr?
- Kva er viktigast å tenkje på for oss her vi bur?

Drama som læringsform til formidling av klima og miljø kan brukast i mange ulike fag.

Her er nokre framlegg:

- **Norsk:** Elevane les boka i forkant av verkstad og framsyning, og arbeider med tema frå fagboka. Elevere har tekstdelingar som ein del av undervisninga. Lage oppgåver, skrive tekstar og lage talekor.
- **Musikk:** Elevane lærer song til produksjonen. Og finn ulike musikkframlegg som gjer assosiasjonar til ulike vêrtypar. Kva slags lydar lagar vêret?
- **Samfunnsfag:** Kva tyder vêr og klimaendringar for oss? Korleis er det på ulike stader i verda?
- **Naturfag:** Kva er det som påverkar vêret. Skyer – fordamping – regn – Korleis heng alt saman? Gå på tur og sjå etter teikn ute i naturen. Gjer vêrekspert i klassen.
- **Gym:** Vêret er rørsler. Korleis kan vi vere ulike vêrtypar. Danse vêret!
- **Kunst og handverk:** Teikne vêret. Kva fargar har ulike vêrtypar. Lage regnstav osb.
- **Matematikk:** rekne ut kor mykje det regnar – lage vêrstatistikk.

VESTLANDSKE TEATERSENTER

WORKSHOP OG FRAMSYNING DANS VERET!



VESTLANDSKE TEATERSENTER

FRAMSYNING

Dansar og musikar framfører ein scenekunstnarisk del inspirert av vêrelementa:
Link til framsyning: <https://vimeo.com/170116171> passord: framsyningdansveret

(NB! Dette er eit opptak frå pilotvisninga våren 2016)

WORKSHOP

Videolink til workshop: <https://vimeo.com/170020548> passord: workshopdansveret

Intro:

- **Velkommen**
 - Introduksjon av pedagogar/utøvarar (kort!)
- **Været**
 - Kva er vêr?
 - Nedbør: regn, yr, sludd, snø, hagl. Nesten alt vatn på jorda er salt. 97% sjø.
 - Skyer, ulike former, makrellskyer, tordenskyer/ambolten, damp, krinslaup,
 - Vind og kald luft gir høgtrykk, varm luft gir lågtrykk.
- **Klima og miljøspørsmål**
 - I Noreg regnar det mykje, nokre gonger for mykje, då blir det flaum.
Nokre stader på jorda blir det meir og meir tørke, som enkelte stader i Afrika.
 - Har de hørt om noko som heiter klima? Klima ervêret vi har, dette vert påverka av korleis vi lever her på jorda.
 - Kva er forureining?
 - Alt dette kan faktisk verke inn på jorda. Det som skjer er at jordkloden kan få "feber", når temperaturen på jorda stig, kjem alt i ubalanse. Vi må passe på jorda vår.
 - Korleis kan vi gjere dette? Resirkulering, fornybar energi.
- **Dans og musikk**
 - Forfattar av boka: Erna Osland ville gjerne at denne boka skulle formidlast gjennom dans og musikk.
 - Vêr er rørsle. Korleis rører vêret seg? Dansar vinden?
 - Dråpane i skyene dultar i kvarandre, dei blir større, til store sirklar "hamburgerdråpar" som deler seg i to.

Viser: Hanne og Ine står mot kvarandre med hender mot hender, gir vekt, blir til ein stor sirkel som rører seg rundt, dyttar og dråpen deler seg i to, Hanne og Ine held armane kvar for seg i sirkel , 1.pos port de bras.

- Vêr er rørsle og rørsle kan vere dans. Vi vil no ha dykk med på dette også.

Øvelser:

VESTLANDSKE TEATERSENTER

Molekyl-leiken (oppvarming)

Når musikken er på, må alle gå rundt i rommet.

Når musikken stoppar må alle fryse til "is" og bli statuer: Så får de eit tal: til dømes 3. Då må alle finne grupper på 3. Deretter får de ei oppgåve å løyse: t.d.: lag ein sjø- tel ned: 10-9-8-7-6-5-4-3-2-1-Klar frys!

(Tal på elevar pr. gruppe varierer frå gong til gong: forslag til bilde: sol, makrellsky, is, snøfnugg, regnsky, jordkloden.)

Øve til framvising: BLÅ

Nedbør: Tema: tempo/dynamikk: Lite fell sakte, stort fell raskt, snøen liten fart, hagl superraskt.

Regn: roleg, med fingrane på golvet, raskare med fingrane på golvet -med eit mønster.

Hagl: på låra, klaskar raskt, klappar med hendene.

Damp: strekker armane opp, molekyl som fordampar.

Snø: armane og kroppen dalar ned til golvet.

-Gjenta, fleire gonger.

Øve til framvising: KVIT

Vind: Tema: dynamikk/kvalitetar/isolasjonar:

2-3: svak vind: Rippels(bølgje) til sida med overkroppen.

4-6: bris: Rippels(bølgje) med armane.

7-9:kuling: Vindmølle med armane.

10-12: storm: Lage liggande 8-tal med armane.

13: orkan: Dobbel bounce/gyng over med overkroppen armane fell ned, same kor armane fell til sida.

Øve til framvising: GUL

Sol: Tema: form/partnararbeid:

To og to: Står mot kvarandre og held hender. Pannekakesnurr, x2. 2x8, 1x8 på kvar snurr. Ender rygg mot rygg. Jazzhands: sprikefingrar! 1x8. Snur mot kvarandre, nye sprikefingrar. 1x8. Gjenta fleire gangar.

Øve til framvising: GRÅ

Skyer/skydråpar/molekyl: Tema: form/partnararbeid

To og to: Står mot kvarandre. Hender mot hender. Dultar med hendene. Gir vekt inn i hendene til kvarandre. teljingar. Skyv ifrå, dråpen blir delt i to. Lagar ein sirkel med armane, går rundt i rommet. Finn en ny ven. Gjenta øvinga.

VESTLANDSKE TEATERSENTER

Poplåt/Song og koreografi:

Startar med å øve på song og tekst:

«TIKK-TAKK!» (* høyr lydspor for å lære melodien: <https://soundcloud.com/dansveret>)

1) Vind er luft i fart

Usynleg men du høyrer han

Du kjenner han og ser kva han tar tak i

Det er vind nesten overalt

2) Molekyla rører seg

Dei dansar og dultar og ler

Dei trykkjer mot alt

Dei lagar luftrykk i sirklar opp og ned

Vind kan vere vedunderleg

Ref:

Du må vakne

Du må stå opp

Vi må stå saman for ei framtid vi kan nå

Du må vakne

Du må stå opp

Heile jorda er i endring nå

Vi kan alle bidra til ein lysande vår

3) Sola skin på jorda kvar ein dag

Ho varmar luft, jord og hav

Regn, vind, bølgjer gjev oss ny energi.

Så lenge sola skin har vi liv.

4) Atmosfæren vernar oss

Slik at vi ikkje brenn opp

Mars er for kald

Og Venus er så varm at ingenting kan gro

Men på Jorda kan vi bo

Bro (rap):

Tida tikkar, graset gror

Isen smeltar sør og nord

Vakn opp, stå opp, følg med! (ekko: Vakn opp, stå opp, følg med!)

Forskarar med lupe vil vera så glupe

Dei prøver å forstå, kva som skjer med planeten vår

Millionar kryp på denne jord

Berre sjå, det gror og gror

Hummar og kanari

Frå Noreg til Afrika

Uranus og Neptun, Jupiter, Saturn

Universet rommar meir enn ein liten krusedull

Koreografi til popsongen (*sjå videoklipp: <https://vimeo.com/178584823> passord: tikktakk)